



Norges Miljøvernforbund
Postboks 593
5806 BERGEN

Bergen den 20.04.2020

Eigarkommunane i BKK

BKK sitt engasjement i utbygging av vindkraft og eigarskap i vindkraftselskaper

Norges Miljøvernforbund vil oppmoda eigarkommunane i BKK om å fremja krav på generalforsamlinga om stans i utbygging av vindkraft og avvikling av eigarskap i vindkraftselskaper.

Media har gjennom ei rekkje saker avdekka fleire kritikkverdige tilhøve i vindkraftbransjen. Dette gjeld mellom anna i konsesjonshandsamingar, manglande demokratiske involvering i søknads- og utbyggingsprosessar og kjøp og sal av konsesjonar til internasjonale selskap. Prosessane vert opplevd som lukka og udemokratiske der lokale folkevalde og befolkninga føler seg overkøyrd.

BKK er gjennom sitt 36,7% eigarskap i SFE ansvarlege for fleire øydeleggjande vindkraftprosjekt på Vestlandet, herunder utbygginga på Bremangerlandet og Lutelandet. SFE har seld 80% av Okla og Hennøy til italienske til Falck Renewables. BKK er også 50% eigar i Matre Vind AS i kompaniskap med vindkraftverstingen Zephyr. Eit selskap som har fleire svært konfliktfylte og kontroversielle vindkraftsaker i porteføljen, deriblant har dei seld Guleslettene til Amerikanske Black Rock.

BKK er eit selskap med mange kommunar som eigarar og har fram til no hatt eit svært positivt omdøme i store deler av befolkninga i sitt dekningsområde. Eigarane må ta den sterke motstanden mot vindkraftutbygging og BKK sitt engasjement i denne bransjen på største alvor. Ei vidare deltaking i svært konfliktfylte vindkraftutbyggingar kan øydelegga selskapet sitt positive omdøme og få store negative konsekvensar for framtida og vidare utvikling. NMF vil aksjonera mot vindkraftprosjekta som ikkje har støtte i kommunane.

NMF oppmodar eigarkommunane om å reisa denne saka i sine folkevalde organ slik at dette også vert sett på dagsorden på generalforsamlinga i BKK.

Med miljøvennlig hilsen
Norges Miljøvernforbund

Kurt Oddekalv, leder

Norges Miljøvernforbund

Hovedkontor:

Postboks 593

5806 BERGEN

Skuteviksboder 24

Bank: 9521.05.71982

Internett: www.nmf.no

Tlf: 55 30 67 00

Faks: 55 30 67 01

Org.nr. 871 351 082 MVA

Epost: nmf@nmf.no

Region Sør / Øst

Postboks 9261

Grønland

0134 OSLO

Tlf: 55 30 67 00

Epost: oslo@nmf.no

Region Nord-Norge

Postboks 446

9255 TROMSØ

Tlf: 913 57 125

Epost: nord@nmf.no



Kurt Willy Oddekalv - Leder

Roald Kvamme - Saksbehandler

Norges Miljøvernforbund

Hovedkontor:

Postboks 593

5806 BERGEN

Skuteviksboder 24

Bank: 9521.05.71982

Internett: www.nmf.no

Tlf: 55 30 67 00

Faks: 55 30 67 01

Org.nr. 871 351 082 MVA

Epost: nmf@nmf.no

Region Sør / Øst

Postboks 9261

Grønland

0134 OSLO

Tlf: 55 30 67 00

Epost: oslo@nmf.no

Region Nord-Norge

Postboks 446

9255 TROMSØ

Tlf: 913 57 125

Epost: nord@nmf.no

